# Årsmelding Klepp sokn 2025



Årsmøte 12.04.2026

## Innhald

ARBEIDSÅRET 2025 .... 3
Statistikk .... 4
Ny kyrkje .... 5
Frivilligkoordinator .... 5
Gjevartenesta og økonomi .... 5
Frivillige medarbeidarar: .... 7
Tilsette: .... 7
Soknerådet .... 8
Takk .... 9
Rekneskap 2025 .... 10
Årsmelding diakoni .... 11
Kyrkjeleg undervisning og læring- tidlegare kalla trusopplæring .... 12
Årsmelding kor .... 15
Årsmelding søndagsskulen .... 15
Årsmelding gudstenesteverkstad .... 16
Årsmelding Tweens .... 16
Årsmelding Uanz .... 16
Årsmelding familiekomiteen .... 17
Årsmelding kyrkjemusikk .... 17
Årsrapport frå plankomiteen .... 19
Årsrapport frå Stiftelsen Klepp nye kyrkje .... 21
Årsmelding Kirkens SOS .... 24

## ARBEIDSÅRET 2025

Nok eit innhaldsrikt år er gått. 2025 er siste heile året før vi flytter inn i ny kyrkje, og kanskje har klokkene ringt inn til julegudsteneste i den gamle kyrkja for siste gong. Dette er med eit visst vemod, samstundes som vi retter blikket fram mot eit nytt tilvære i sentrum.

Mykje av tida har gått til å drøyme, sjå framover og førebu oss på eit tilvære i nytt bygg. Mange frivillige legg ned mykje tid og arbeid i førebuingane, alt frå å velje møblar og godkjenne kunst, til å kvalitetssikre tekniske løysingar.

Det har blitt arrangert fleire inspirasjonssamlingar der ny kyrkje var tema. På ei av samlingane var arkitekt og eigedomssjef i kommunen til stades og viste oss rundt i nye lokalar digitalt. Det var også rom for refleksjon rundt korleis kyrkja skal brukast, kva slags fellesskap vi ønskjer å skape, korleis vi kan væra ressurs for lokalsamfunnet og skape meir himmel på jord. Engasjementet har vore stort og vi ser fram til å ta i bruk det nye kyrkjebygget.

Hausten baud også på menighetstur til Horve, der over 100 deltakarar i alle aldrar var med. Turen gav rom for godt fellesskap, leik, åndeleg påfyll og nye relasjonar på tvers av generasjonar. Slike turar styrkjer fellesskapet i kyrkjelyden, og vi gler oss til ny tur hausten 2027.

I løpet av 2025 har vi også fått nye tilsette. Nokre er ferske i staben, mens andre er godt kjent frå før. Vi er glade for staben vår som med kreativitet og dyktigheit gjer det mogleg saman med frivillige, å driva det gode arbeidet vi har.

Eit viktig mål som vart satt for 2025 var å auke gjevartenesta for å sikre berekraft i arbeidet vårt. Det er gledeleg at kyrkjelyden nådde målet. Dette viser at mange har tru på arbeidet og kjenner eit eigarskap til kyrkjelyden. Det er vi takknemlege for.

Til slutt vil vi takka alle frivillige som bidrar med sitt. Takk for engasjement, forbøn, fellesskap og arbeidsglede. Vi går inn i 2026 med høge forventningar, takknemlegheit og trygg tru på at Gud leiar oss vidare.

## Statistikk

| | Dåp | Konfir-mantar | Frammøte gudsteneste<br>*Snitt per GT* | Nattverd-gjestar *<br>*Snitt per gt* | Innmelde | Utmelde |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **2020** | 79 | 76 | 76 | 55 | 9 | 40 |
| **2021** | 80 | 104 | 74 | 58 | 8 | 77 |
| **2022** | 78 | 90 | 149 | 116 | 9 | 89 |
| **2023** | 82 | 86 | 149 | 117 | 9 | 56 |
| **2024** | 74 | 78 | 158 | 129 | 11 | 24 |
| **2025** | 81 | 82 | 180 | 132 | 13 | 44 |

* *Gjeld gudstenster kl 11*

**Ulike gudstenester**

| | Tal | Totalt deltakarar | Tal | Totalt deltakarar |
|---|---|---|---|---|
| | **2024** | **2024** | **2025** | **2025** |
| Nattverdsgudstenester | 30 | 3503 | 31 | 3771 |
| Gudstenester m/skriftemål | 1 | 40 | 1 | 45 |
| Generasjonsgudstenester | 10 | 2263 | 13 | 2590 |
| Barnehage- og skulegudstenester | 4 | 603 | 4 | 490 |
| Julaftangudstenester | 3 | 863 | 3 | 897 |
| Totalt tal gudstenester og deltakarar (i kyrkja, anna stad i soknet) | 67 | 10596 | 74 | 13319 |

## Ny kyrkje

2025 var eit innhaldsrikt år med stor aktivitet på mange plan. Det har vært fint å sjå kyrkjebygget bli meir og meir ferdigstilt.

Meir informasjon om ny kyrkje les de under årsmelding frå plankomiteen.

## Frivilligkoordinator

Frå august 2025 ble det oppretta ein prosjektstilling retta mot frivilligheit i overgangen frå gammal til ny kyrkje, og i oppstartsfasen i nytt bygg.
I 2025 vart det jobba særskilt med følgande:

- Planlegging, gjennomføring og etterarbeid av menighetsweekend
- Vidare dialog med frivilligsentralen om samarbeid på dagtid.
- Informasjonsmøte på folkehjelpshuset
- Besøk til eksisterande aktivitetar for kartlegging av behov, ønsker og forbetringspotensiale.
- Vera til stades på enkelte gudstenester med informasjon og moglegheit for spørsmål.
- Arbeid med kommunikasjon mot frivillige i ulike kanalar.
- Utredning av løysningar for frivillige gudstenestemedarbeidarar.

## Gjevartenesta og økonomi

Soknerådet hadde vedtatt at vi skulle ha ein kampanje for auka gjevartenesta i februar. Denne blei iverksett. Det kom på plass nye elektroniske løysingar ved bruk av fast trekk via vipps eller avtalegiro. I tillegg har administrasjonen vore tilgjengeleg etter gudstenester og på fastsett til på kontoret for å vere til hjelp for dei som trong det. Dette fokuset løfta gjevartenesta med om lag kr 10.000 per månad. Eit fantastisk resultat.

Sidan vi som kyrkjelyd i aukande grad har ansvar for våre eigne stillingar, er ei stabil og god gjevarteneste med på sikra stabile tenester til kyrkjelyden.

Totalsum for gjevartenesta vart i år kr  888.186 Dette inkluderer gjevartenesta til ny kyrkje (145.600).

**Sjå eigne årsmeldingar for:**

- Diakoni
- Kyrkjeleg undervisning og læring- tidlegare kalla trusopplæring
- Kor
- Sundagsskulen
- Gudstenesteverkstad
- Tweens
- UANZ
- Familiekomitéen
- Kyrkjemusikk
- Stiftelsen Klepp nye kyrkje
- Plankomité for ny kyrkje

## Frivillige medarbeidarar:

Eit stort tal frivillige medarbeidarar er med i arbeidet i kyrkjelyden. Det er mange oppgåver som skal løysast, og mange er engasjerte i ulike tenester. Vi ynskjer å retta ein spesiell takk til alle dei som engasjerer seg og som brukar av tida si. De er uvurderlege for fellesskapet vårt!

## Tilsette:

| | |
|---|---|
| Sokneprest: | Just Salvesen |
| Dagleg leiar: | Hilde Norland Djønne |
| Sekretær: | Ingunn Dåvøy Aandal |
| Diakonmedarbeidar : | Ruth Bråtveit |
| Kantor: | Ola Sotnakk |
| Kyrkjetenar: | Ketil Terning |
| Kyrkjetenar: | Olga Senchuk |
| Klokkar: | Frivillig klokkarteneste |
| Kontormedarbeidar: | Olga Senchuk |
| Kyrkjelydspedagog: | Vilde Henriette Bergseth |
| Kyrkjelydspedagog: | Andrea Bjørkavoll-Bergseth |
| Kyrkjelydsarbeidar: | Karoline Undheim-Tharaldsen |
| Frivilligkoordinator – | |
| prosjekt ny kyrkje | Karoline Undheim-Tharaldsen |
| Reinhaldar: | Marit Byberg |

## Soknerådet

1. halvår
   Faste medlemmar:
   Inger Furenes Nordås , Bent Horpestad, Erlend Hodne, Ståle Ravndal, Ingrunn Vassbø Særheim,  Ida Margrethe Karterud Myrstad,  Vegard Grødem Stikbakke og Ståle Østrem.

   Varamedlemmar:
   Ragna Stakland Svela og Katrine Marie Gjerde.

2. halvår
   Faste medlemmar:
   Gunnhild Olsen Sandvik, Inger Furenes Nordås , Bent Horpestad, Erlend Hodne, Ingrunn Vassbø Særheim, Vegard Grødem Stikbakke, Ida Margrethe Karterud Myrstad og Ståle Østrem.

   Varamedlemmar:
   Ragna Stakland Svela og Katrine Marie Gjerde.

Det har vært endringar i soknerådet då opptil fleire har søkt permisjon.

Gunnhild Olsen Sandvik permisjon til juni.

Ståle Ravndal – permisjon frå august

Leiar: Erlend Hodne

Nestleiar: Inger Furenes Nordås

Klepp sokneråd hadde i 2025 11 møter og handsama 68 saker.

Ståle Østrem og Ståle Ravndal er soknerådets representantar i Klepp kyrkjelege fellesråd.

Vegard Grødem Stikbakke er vikar for Ståle Ravndal i fellesrådet.

## Takk

Vivil takka dei tilsette for truskap i tenesta. Takk til prost for omtanke og til nabosokna våre for godt samarbeid. Takk og for samarbeidet med har med frikyrkjelege forsamlingar og bedehus.

Takk til alle frivillige som legg ned uendeleg mange timar i bøn, møte og tenester – vi  er utruleg takksame for alt de gjer.

## Rekneskap 2025

Ikkje klart per dags dato

## Årsmelding diakoni

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar.

**Diakoniutvalet i Klepp**

Vegard Stikbakke (leder), Ingrunn V. Særheim, Magne Gjesteland, Haldis Loge Noraberg.

- I det diakonale arbeidet er det samtalar. Det kjem stadig ønske om samtalar både frå sjukeheimane og privat. Oppfølging av etterlate skjer individuelt ved behov. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlate etter dødsfall, som er et samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes, Sola og Stavanger.

- Det ble arrangert Seniorfest i 2025. Årets taler var Olaug Bollestad. 110 personer var på festen. Det er utlodning på festen og i år gikk pengane til Roba utviklingsfond. Seniorfesten er eit samarbeid mellom alle fire kyrkjelydane i Klepp kyrkjelege fellesråd.

- Det har vore institusjonsandaktar, der diakonen og prestane deler på å delta. Organisten er fast med. Vi har og fått inn i planen, nattverd 2 gangar i halvåret.

- Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 9 samlingar der ei av dei var sommartur til Voll juletregard. Torsdagstreffen besøkte Petrusklubben som er eit tilbod i Gand kyrkje. I tillegg til prest, organist og diakon er det fleire frivillige med frå Klepp. 16.november gjennomførte frivillige i godt samarbeid med diakonen, en Helgudstjeneste.

- Bønnearbeidet i Klepp skjer i mange heimar, i grupper og samlingar.
  Diakonen har ansvar for bønnekorta til konfirmantane som kyrkjelyden får utdelt.
  Diakonen lagar også bønnebrev til kyrkjelyden, som blir redigert kvart halvår.
  Kvilepuls er eit fint tilbod med samlingar 1 gang i
  veka.
  7.mars blei Kvinnenes internasjonale bønnedag arrangert i Klepp kyrkje.

- Strikkekafé samlar ca. 20 – 25 stk, ca 1 gang i månaden, i stasjonsbygningen på Klepp stasjon.

- Formiddagstreffet på stasjonen hadde 8 samlingar i løpet av året. Mellom 25- 30 møter på desse samlingane. 22. mai arrangerte vi ein gilde busstur til Mosterøy og Talge. Vi besøkte Utstein kloster, Pilegrimsgarden, Talge kyrkje og avslutta med kaffi og blomster på drivhuset på Talgje.

- Det blei arrangert minnegudsteneste 2. november. Ei full kyrkje viser oss at kyrkje har ein viktig plass i folks liv når det gjelder sorgarbeidet.
- Ein del av besøkstenesta i Klepp er jubilantbesøk og her har vi dessverre ikkje klart å følgje opp alle.
- Kyrkjelyden har delteke på «Vi går for fellesskapet», som er ein del av inkluderingsarbeidet til kyrkjelyden.
- Kyrkjelyden har også delteke på 6-7 pilegrimsvandringar. Dette er ein del av bønnearbeidet til kyrkjelyden.
- Kyrkjelyden har eit godt samarbeid med Klepp kommune og Frivilligsentralen. Noko av samarbeidet er Besøksven og Våketenesta.

**EI STOR TAKK** til alle frivillige i Klepp kyrkjelyd

## Kyrkjeleg undervisning og læring- tidlegare kalla trusopplæring

### *0 år: Babysong*

I løpet av 2025 vart det gjennomført 30 samlinger med babysang. Samlingane består av ei songstund på omkring 30 minutt med songar, rim og regler. Etterpå vert det servert kaffe/te og frukt. Det er opent ein time etter sjølve songstunda for dei som ynskjer å vere igjen å leike og bli kjent. Stort sett er alle igjen til slutt, med mindre dei har en avtale etter. Kursleiar får stadig tilbakemeldingar frå deltakarane at dei opplever det meningsfullt å vere med på babysang, og at det er godt for dei å ha ein stad å gå til i den tida ein er heime i permisjon.

Babysong vart gjennomført av ein tilsett og ein frivillig.

Det var 30 unike deltakere innom i løpet av 2025.

### *1-2 år: Småbarnssong*

Det vart i 2025 gjennomført 16 samlinger med småbarnssong, fordelt på vår- og haustsemesteret. Det var 16 unike personer innom småbarnssong i 2025, med et gjennomsnitt på ca. 6 barn på hver samling. Samlingen består av en halvtime med sang, regler og rim, og avsluttes med felles kveldsmat og frilek.

Småbarnssong vart gjennomført av ein tilsett og ein frivillig.

Et fint tilbud for barn, men også sosialt og fellesskapsbyggende for foreldrene.

### *3 år: Sauesamling*

Gjennomført i mai. Det var 12 barn til stades. Det blei lest frå boka «Lille sau går seg vill» som barna fekk med seg heim, samt informert om andre relevante tilbod og tilbod i kyrkjelyden. Dei laga òg flotte bordbrikker med bordverset på som dei tok med seg heim.

Vart gjennomført av to tilsette.

### *4 år: 4-årsbok*

Tiltaket fireårsbok vart gjennomført fordelt på to samlingar. Ei samling ein ettermiddag i kyrkja for 35 barn med vaksne. Samlinga bestod av forteljing, dramatisering, mat og hobbyaktivitet. Sundagen same veka deltok fireåringane i gudstenesta med song og dramatisering av då Jesus stilla stormen, og dei fekk utdelt barnebibelen.

Det var med to frå stab og ein frivillig.

### *5 år: Barabbassamling*

Det blei gjennomført ei samling på våren omtrent ei veke før påska. 32 barn deltok saman med vaksen. Dei fekk høyre om Barabbas, ete eit måltid, samt ein hobbyaktivitet. Barna fekk med seg boka «Barabbas» heim og kvart sitt gripekors. Ein frivillig hadde ansvar for samlinga, ein frå stab var òg med.

### 1.steg: Dåpsskule

Samling med bibelforteljing, song, bønn, mat og forming i SFO-tid på skulen. Ein fast frivillig – Kari Theis, evt vikar Eli Tveita var med på samlingane saman med menighetspedagog. Foreldre til deltakarane baka bollar til samlingane.

Engelsvoll og Kleppelunden skule: Dåpsskulen vart ikkje noko av grunna for få påmelde.

Kleppe skule: det vart fire samlingar med ni deltakarar i klasserom på skulen. På gudstenesta fekk barna utdelt boka «Tre i eit tre» og viste fram alt dei hadde laga og lært om.

### *2. steg: 2. klasseverkstad*

Ein samling om ettermiddagen samt ei generasjonsgudsteneste der andreklassingane deltok saman med gudstenesteverkstad. 5 deltakarar. Må evaluerast med tanke på låg oppslutning. Ettermiddagssamlinga har form som eit gudstenesteverkstad slik at barna kan få eit innblikk i og lyst til å vere med vidare på dette. Mat, gudstenestegrupper (førebuing av gudstenesta) og forming, samt aktivitetar i boka «101 bibelaktivitetar» (som dei fekk med heim).

### *3.steg: Tårnagenthelg*

Gjennomført om våren. 24 frivillige. Laurdag og gudsteneste sundag. Sporleik, utforsking av kyrkjetårnet og klokka, tårnagentsongen og oppgåver, gudstenesteverkstad og grilling. Menighetspedagog og 24 frivillige (nokre vaksne og fleire ungdommar) var med som leiarar samt fleire foreldre kom med bakst eller frukt.

### *4. steg: Tweens-intro*

Fjerdeklassingane blei invitert til ei Tweens-samling seint på våren slik at dei kunne få sjå og oppleve korleis vi har det på Tweens og gjerne ønske å fortsette der. Servering av pizza. Menighetspedagog, 1 fast frivillig vaksen og ungdomsleiarar.

***5. steg: Førstehjelpskveld***

Ein ettermiddag om hausten. Førstehjelpskurs, dramatisering og grilling på bålpanne.

Menighetspedagog, 5 frivillig vaksne og 2 ungdomsleiarar.

***6. steg: LysVaken***

Sjetteklassingane overnatta i kyrkja natt til første sundag i advent. 40 deltakarar overnatta. Vi hadde gudstenesteverkstad, undervisning, mat, aktivitetar og leik. 3 tilsette og 27 frivillige (13 ungdom og 18 foreldre og andre vaksne) var med som leiarar/medhjelparar.

***7. steg Mesternes Mester***

Ein sundag ettermiddag og kveld i september. Lagkonkurransar, grillmat og sosialt. Premiering av vinnarlaget og felles samling med ungdomsarbeid UanZ utover kvelden.

2 tilsette, 6 ungdomsleiarar og 1 frivillig vaksen gjennomførte tiltaket.

***8. steg KonfIntro :***

KonfIntro blei gjennomført 3.6. Vi informerte om konfirmasjonsopplegget Opptur. Vi hadde pizza, leiker og ein liten smak av Opptur-undervisning.

***9. steg KonfÅret:***

Vi hadde 84 konfirmantar som deltok på konfirmantundervisninga skuleåret 24/25 og blei konfirmert i Klepp kyrkje våren 2025. Undervisninga var hovudsakleg på kveldstid ein gong i månaden, med fellessamling i kyrkja og heimegrupper etterpå. I tillegg til dei ordinære Opptur-samlingane hadde vi Sosial-opptur med surfing, nattcup og konfirmasjonsleir til Furutangen. Vi gjennomførte fasteaksjon med sponsorløp. Til saman hadde vi 80 timar fordelt på 21 samlingar.

***10. steg***

***KLEKK***

Gjennomført for 2009-kullet skuleåret 24/25.

- 16 timer fordelt på 8 samlingar. Vi brukte «en helt overkommelig disippel» av Knut Tveitereid som utgangspunkt for leiartrening. Vi var ei gruppe på 7stk, som var fjorårets konfirmantar.
-

***Jærgårds :***

22. august hadde vi med oss 8 PostKonfere på Jærgårds, frå 2010-kullet som konfirmerte seg våren 2025.

***KonfReunion:***

KonfReunion vart gjennomført 26. august med 14 deltakarar frå 2010-kullet, dei som vart konfirmert våren 2025.

***PostKonf:***

Vi har hatt 4 samlinger i haust. Vi har i tillegg vært med konfirmantene på surfing og leir. Vi avslutta før jul med kinokveld. Til våren skal vi ha ALPHA-kurs og reise på weekend til Furutangen.

## Årsmelding kor

***Knøttekor:***

- Knøttekoret hadde i 2025 20 øvingar fordelt på vår- og haustsemesteret. Det var 47 unike personar innom i løpet av året. I tillegg til øvingane, opptredde dei fleire gonger; eigen sommarkonsert, på generasjonsgudsteneste med utdeling av fireårsbok, haustmessa til NMS og Vi syng jula inn i Klepp kyrkje. Øvingane varer i underkant av ein time med ei fruktpause midt i.
- Knøttekoret vart drevet av frivillige vårsemesteret med hjelp frå kyrkjelydsarbeidar på det administrative. På hausten hadde kyrkjelydsarbeidar øvingane sjølv i tillegg til det administrative.

***Barnekor:***

- Barnekoret starta opp denne hausten. Vi har hatt 8 øvingar, sunge på ein gudsteneste, sunge på NMS si julemesse på Klepp og vore med på "Vi syng jula inn" i Klepp kyrkje. Ved årsslutt var det 12 som gjekk fast i koret. Vi er innmeldt som lokallag i NMSU.

## Årsmelding søndagsskulen

Totalt med alle søndagsskule-gruppene i Klepp kyrkje hadde vi 251 unike deltakarar innom, med snitt på 23 stk kvar gong. Vi er innmeldt som tre grupper i Søndagsskolen Norge.
Vi hadde 26 betalande medlemmar i 2025. Det har i 2025 vore med 8 faste frivillige i tillegg til 7 andre som har steppa inn som vikarar.

- SLUSH:
    - I løpet av 2025 hadde vi 17 samlinger. Vi arrangerte juleverksted i desember. Vi hadde fleire samlingar med gymsal saman med Agentane.

- Agentane:
    - I løpet av 2025 hadde vi satt opp 17 samlingar for Agentane. Nokre få av desse samlingane vart slått saman med Gullivergjengen. Vi arrangerte juleverkstad i desember. Vi hadde fleire samlingar med gymsal saman med SLUSH-gjengen.
- Gullivergjengen:
    - I løpet av 2025 hadde vi 24 samlinger for Gullivergjengen. Vi arrangerte juleverksted i desember.

## Årsmelding gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstad er eit gratis tilbod til alle barn i 1.-7. klasse. Vi møtast ein tysdag i månaden etter skuletid i kyrkja, for å forberede gudstenesta påfølgjande sundag. Opplegget startar med felles måltid, så snakkar vi om sundagens tema og barna får velje mellom å vere med på drama, song, lage pynt eller ministrantoppgåver. Vi avsluttar med leik og sosialt. Tanken er at barna sjølv skal få vere med å lage og eige innhaldet i gudstenesta.

Det var 10 samlingar i 2025.

Ca 65 unike barn har vært innom totalt, og 17 i snitt kvar gong.

Prest, organist og menighetspedagog gjennomfører gudstenesteverktstaden i samarbeid med Inger Vassel Myrstad og Sigrid Gummedal Gjesteland som er frivillige ifra kyrkjelyden.

## Årsmelding Tweens

For 5.-7. klasse. På Klepp stasjon – stasjonsbygningen.

Det var 18 samlingar i 2025.

40 barn har vært innom totalt, og 14 i snitt kvar gong.

Ein tweenssamling har vart i halvannan time. Først ein time med litt mat, samling med andakt og leikar/konkurransar. Deretter ope hus med diverse brettspel, bilspel og Xbox den siste halvtimen.

Tweens er innmeld i NMSU og hadde 13 betalande medlemmar dette året.

Leiarar i 2024: Anna Mauritzen, Ruben Friestad Lund Bergseth og Vilde Henriette Lund Bergseth (hovudleiar).

Tweensleiarar 2025: Thea Rebekka Bjørkavoll-Bergseth, Oskar Friestad Bergseth Sikkeland, Viktor Ruud, Regine Erås Lorentzen, Siril Stakland Svela, Engla Flatekvål Lid, Nora Haraldseid, Malie S. Sørskog, Nora Bjørkavoll-Bergseth, Emilie Sikkeland, Olav Gard Lygren

## Årsmelding Uanz

For ungdomskulealder og oppover.

Det er samlingar på sundagar i partalsveker. Samlingane består av andakt, mat, leik og sosialt. Det vart gjennomført totalt 19 fordelt på vår- og haustsemesteret. Det har vore i snitt 12 personar på samlingane, med omtrent 35 unike personar innom i løpet av året.

I september vert det gjennomført årsmøte i forbindelse med medlemsfest, Kjempefest. Her vart det valt ungdomsstyre tilknytt NMSU. Tre av dei valte gjekk ut av styret i løpet av

året.  Styret består då av Mattias Brekke, Ingeborg Stubhaug Braut, Thea Bjørkavoll-Bergseth, Oskar Sikkeland, Daniel Birkenes, Filip Krzyska. Vara: Alexandra Aarsheim.

## Årsmelding familiekomiteen

Det vart i 2025 arrangert seks arrangement; tre på våren og tre på hausten med blant anna karneval, kino og juleverkstad i saman med Søndagsskulen. Det har fungert greitt å arrangere i forbinding med gudstenester. Det er behov for fleire i familiekomiteen dersom kyrkjelyden ynskjer å halda fram familiearbeidet.

## Årsmelding kyrkjemusikk

**Kulturutvalet** for Klepp kyrkjelyd har bestått av Astrid Hodne, Ingrid Lotsberg Norås, Ingrunn V. Særheim, Bent Horpestad og kantor Ola Sotnakk. Utvalet sitt mandat er å planleggje og gjennomføre, og leggje til rette for, ulike kulturarrangement i kyrkjelyden.

Ved **vårfesten** var det konsert i Klepp kyrkje 6. april med kammerkoret Con Brio og Eyvind Skeie.

Klepp kulturskule arrangerte 16. juni **sommarkonsert** for orgel- og pianoelevar i Klepp kyrkje.

Stiftelsen Klepp nye kyrkje arrangerte 6. desember **julekonsert** med Inger-Kathrine Kjølleberg og Jan Herbert Sandsmark og Band of Fathers m.fl. Konserten var i Stasjonsbygget.

**Vi syng jula** inn vart gjennomført med mange medverkande. Musikarar og forsongarar knytt til temagudsteneste var med, Barnekoret og Knøttekoret og gudstenesteverkstad var med.

Det var planlagt ein **lyrikkaftan** med tekstar av Åse-Marie Nesse i Klepp kyrkje i juni. Denne er av ulike grunnar vorte utsett til 29. april 2026.

**Gudstenestene** har vore godt besøkt. Vi har hatt med ekstra musikarar ved høgtidene, og på minnegudstenesta. **Gudstenesteverkstad** for born i skulealder er eit populært tiltak som samlar skuleborn frå tre ulike skular etter skuletid éin tysdag i månaden. Stadig fleire byrjar å bli godt kjende med kyrkja, ikkje minst med liturgien og musikken. Dette er noko av det som har hovudfokus. Nokre av borna plar vere med som forsongarar på gudstenestene. På **temagudstenestene** er det ei stabil og god gruppe musikarar og forsongarar som planlegg og gjennomfører gudstenestene i samarbeid med sokneprest og kantor.

I **påska** hadde vi gudstenester Skjærtorsdag, Langfredag og 1. påskedag.

Ved **konfirmasjonsgudstenestene** medverka Guro Grude.

Ved **gudstenesta 2. pinsedag** på Krosshaug deltok Elim brass.

Ved **minnegudstenesta** allehelgensdag medverka Espen Berents på trompet.

**Julaftan** hadde vi tre gudstenester der Klepp skulekorps og Tu skulekorps medverka, i tillegg til Guro Grude.
**1. juledag** var Klepp mannskor med.

**Orgelkomité** for ny kyrkje vart etablert i 2024. I komiteen sit kyrkjeverje Arvid Kaspersen, frå soknerådet Bent Horpestad, kantor Ola Sotnakk, og orgelkonsulent Bjørn Andor Drage.

Komiteen sitt mandat er å utarbeide finansieringsplan, orgelkonsept og konkurransegrunnlag for orgelet, og fylgje opp prosessen med orgel heilt til orgel er installert og ferdigstilt. Her går arbeidet framover, og orgelplassering og tilrettelegging for dette er på plass i den nye kyrkja.

Det har òg vore jobba med å velje **flygel til ny kyrkje**. Flygelinvestering blir eit spleiselag mellom Klepp kommune og Stiftelsen Klepp nye kyrkje. Det er kome inn tilbod frå fleire leverandørar, og utveljinga vil skje primo 2026.

**Orgelet i den gamle kyrkja** har svært lenge hatt store vedlikehaldsbehov, og feil og manglar dukkar opp hyppigare enn før. Det er no sett av pengar til rehabilitering av orgelet, og arbeidet skal utførast utpå vinteren 2026 av det danske firmaet Th. Frobenius & Sønner Orgelbyggeri.

## Årsrapport frå plankomiteen

**Plankomiteen har bestått av:**

Leif Solberg

Arvid Kaspersen

Marita Finstad

Erlend Hodne

Livar Salte

Svein Olav Nesse

Hilde Norland Djønne

Just Salvesen

Innledning:

Consto as som har hovedentreprisen for hele prosjektet har ifølge kommunens prosjektledelse fulgt planen videre gjennom året slik som forutsatt.

I løpet av 2025 har arbeidet vist godt igjen på byggeplassen, og i skrivende stund foregår det meste av arbeidet innvendig.

En viktig milepel våren 2025 var nedleggelse av grunnstein søndag 6. april. Det var 250 deltagere tilstede og en høytidelig seremoni ledet av biskopen.

Milepel med tett bygg for prosjektet ble oppnådd før sommerferien.

Kontrakter for møbler for hele prosjektet samt liturgiske møbler som alter døpefont etc ble inngått i løpet av våren og tidlig høst.

Det har vært avholdt flere brukermøter i løpet av året for å avklare detaljer innen leveransene, og mindre justeringer er foretatt i samarbeid med kommunes prosjektledelse. Kirkens ansatte har deltatt aktivt i dette arbeidet sammen med frivillige fra plankomiteen og underkomiteer.

Kunst og utsmykning:

Medlemmer i kunst og utsmykkingskomiteen er Hilde Norland Djønne, Just Salvesen, Kari Tjåland Sandvik, Andreas Haarr, Øyvind Tjelle og Tove Rudi Tobiassen.

Kunstner Marta Nerhus ble valgt med mottoet for kunstverket: I kjærleik mot lyset.

Kirkens kunstkomite har deltatt i møter med kunstner om forslaget som er valgt, og mindre justeringer er gjort i samarbeid med kunstner. Arbeidet med kunsten pågår og er i disse dager godkjent av biskopen.

Liturgiske møbler:

Det har vært flere brukermøter med avklaringer omkring liturgiske møbler. Dette har skjedd i dialog med biskop, og kontrakt er inngått med Treprosjekt på Klepp stasjon som underleverandør.

Ungdomslokalene:

Det er avklart kirkens økonomiske bidrag til oppdeling og innredning av ungdomslokaler i kjelleren til kommunehuset, og arbeidet blir gjennomført av hovedentreprenøren.

Møblering av ungdomslokalene med en kjøkkenkrok samt behov for lyd, lys og bilder er også gjennomgått med brukere. Dette er en delleveranse av kontrakter som dekker hele prosjektet.

Stiftelsen for ny kirke vil dekke innredning, møblering og utstyr til ungdoms salen med innsamlede midler i henhold til avtale med kommunen.

Instrumenter:

Kantor sammen med orgelkonsulent har hatt møter om instrumentplassering og detaljer omkring orgel i kirkerommet. De siste møtene om endelig avklaring av plass for orgel ble gjennomført i starten på 2025. Orgelet er planlagt plassert i bakre gavlen over inngangen til kirkesalen og med spillepult bak i salen. Det vil også være mulig med spillepult framme ved sakristiet og med elektronisk overføring til orgelet.

Anskaffelse av orgel er ikke en del av prosjektet og arbeidet med finansiering og anskaffelse av dette vil bli en egen prosess med en orgelkomite oppnevnt av soknerådet.

Flygel er en del av prosjektet og vil være på plass til innvielsen av kirken. Dette er nå satt i bestilling av prosjektet.

Referansegruppe:

Referansegruppen bestående av 3 fra kommunestyret, kommuneledelsen og 2 deltagere fra kirken har avholdt 3 møter dette året der status for prosjektet ble gjennomgått og eventuelle utfordringer ble drøftet. Det rapporteres at fremdriften er som planlagt og det er også god kontroll på kostnadene.

Ferdigstillelse og overdragelse:

Ferdigstillelse og overlevering av hele prosjektet er planlagt i november 2026, og med innvielse av kirken 1. søndag i advent.

I 2026 vil vi fortsette den gode kontakten med prosjektledelsen i kommunen og referere fra framdriften i prosjektet i løpet av året. Byggeaktivitetene kan følges med ukentlige bilder fra byggeplassen lagt ut på «Klepp kyrkjelyd» sin hjemmeside. I løpet av høsten er det blitt enighet om å holde møter mellom kirkens ledelse og prosjektledelsen oftere for å avklare saker som kommer opp underveis.

Plankomiteen vil også informere om status i menighetsbladet gjennom året.

Leif Solberg

Leder av plankomiteen

## Årsrapport frå Stiftelsen Klepp nye kyrkje

# Årsrapport for Stiftelsen Klepp Nye Kyrkje for året 2025.

**Org.nr:994179748.**

## *Formål*

Stiftelsens formål er: " Skaffe til veie egenkapital til erverv, anlegg og fremtidig drift av nytt kirkeanlegg i Klepp sokn.

## *Styrets sammensetning:*

Rolf Bergseth - leder
Maria Skrettingland Håland - økonomi
Livar Salte - sekretær
Svein Bertil Dybesland styremedlem
Furenes Nordås - styremedlem
Terje Tobiassen - varamedlem

## *Arbeid i Stiftelsen*

Styret i Stiftelsen har hatt 7 fysiske og 1 digitalt styremøte i 2025. Varamedlem, leder av plangruppa, daglig leder Klepp sokn og kirkeverge er innkallet til alle styremøter.
Varamedlem har ikke møtt til møter dette året.
Faste poster på programmet er nytt fra plankomiteen og drift av stasjonsbygget med Nytt og Brukt.
Menighetens plankomité er med i kommunens prosjektgruppe om realisering av kirkebygget. Det vises til deres rapport. Leder av stiftelsen innkalles ved behov til møter i plangruppa og styret i Stiftelsen oppdateres jevnlig om status for nytt kirkebygg.
Et nytt kirkebygg reiser seg nå i sentrum av Klepp og Kleppe. Et arbeid gjennom mange år bærer frukt.

**Informasjon**

Menighetsbladet er viktigste informasjonsvei til innbyggerne i Klepp sokn om arbeidet i Stiftelsen. Den har nok blitt mindre brukt siste året da det også jevnlig informeres i kirken av de kirkelig ansatte.
Klepp Nytt og Brukt sin facebook side benyttes til informasjon om "Nytt og Brukt", loppemarked, julemarked, vintermarked, superlørdager etc
Det har vært orienteringer fra Stiftelsen og plankomitéen etter gudstjenester.
Dugnader og årsrapport legges ut på Klepp Kyrkje sin hjemmeside under fanen " Ny Kyrkje"

## *Økonomi og dugnader:*

I 2025 kom det totalt inn 1.345.366.
I 2025 bevilget vi etter søknad fra soknerådet 450000 Kr til en frivillighetskoordinator som skal planlegge for eksisterende og nye aktiviteter i ny kirke. Totalt er det nå kr 10.578.244 på bankkonto ved utgangen av 2025. Det gode resultatet skyldes økte inntekter på Nytt og Brukt, gaver og gode renter på penger i bank. Noe mindre dugnadsinntekter og ofringer dette året.
Julemarked, vintermarked, loppemarked samler mye folk og vi får nye givere via diverse salg.
Vårfesten ble også arrangert i 2025 med loppemarked, konsert, natturnering for konfirmanter og gudstjeneste.

Konserten var med Øyvind Skeie og Conbrio. Full kirke og en god kveld for alle.
Natturnering for konfirmantene hadde flere lag enn i 24, og vi håper på at den kan arrangeres med enda flere lag i 2026. Målet med denne turneringen er å lage en kjekk aktivitet for konfirmantene våre.
Nytt og brukt, dugnadsavtaler på Jærhagen, Klebe dugnaden, eksamensvakter og vedlikehold av kirkebygg er godt organisert, og styrer mye seg selv med bytting av vakter ved fravær. God dugnader og nå også godt betalt.
Nordsjørittet som har gitt oss mange dugnadspenger gav dette året bare 3000 for drikkestasjonen på Tinghaug. Her kan det bli det samme i 2026.
Så ble det for første gang arrangert en julekonsert i regi av Stiftelsen i stasjonsbygget. Inger Kathrine Kjølleberg, Band of Fathers med solister gav en gratiskonsert til inntekt for Stiftelsen. God konsert og en flott gave til Stiftelsen.
Oppfinnsomheten med å gi til ny kirke i Klepp er stor og det kommer gaver etter fødselsdager, minnegaver m.m. Salen i stasjonsbygget gir litt inntakt.
Det rettes en stor takk til alle som stiller opp og gjør en dugnadsjobb. Likeså rettes det en stor takk til faste givere og til givere av andre pengegaver Stiftelsen mottar.

## Inntektsgivende aktiviteter året 2025:

- Dugnad med rydding av handlekorger på Jærhagen
- Eksamensvakter
- "Nytt og Brukt" butikk på stasjonsbygget
- Vintermarked, julemarked ++
- Vårfest med Loppemarked og konsert
- Vaktmestertjeneste for Klebe
- Nordsjørittet
- Utleie stasjonsbygget
- Juleverksted
- Vedlikehold av kirkebygg
- Julekonsert

## Andre inntekter og gaver

Ofringer
Faste givere, minnegaver, bursdagsgaver og andre gaver
Renteinntekter
**For årets inntekter og totalsaldo ved årets utgang, se vedlagt regnskap**

## *Planer for året 2026*

Styret for stiftelsen har satt som budsjettmål for 2025; NOK 1.100.000,-
Hovedinnsatsområdene blir hovedsakelig de samme for 2026 som for 2025

1. Inntektsgivende dugnader, Nytt og Brukt,og diverse markeder
2. Sammen med menighetsråd og plankomité delta i realiseringen av ny kirke
3. Informasjon til Kleppsbuen om Stiftelsens arbeid for ny kirke på Kleppe
4. I løpet av året vil Stiftelsen sammen med soknerådet vurdere:
    a. Videre arbeid i stiftelsen, hvor lenge og nedleggelse
    b. Hvordan aktivitetene som Stiftelsen nå styrer kan videreføres utenom stiftelsen

Kleppe februar 2025

| | | |
|---|---|---|
| Rolf Bergseth | Maria Skrettingsland Håland | Livar Salte |
| Svein Bertil Dybesland | Terje Tobiassen | Inger Furenes Nordås |

**Stiftelsen Klepp Nye Kyrkje**

**Resultat pr. 31.12.**

| **Stiftelsen:** | **31.12.2024** | **31.12.2025** |
|---|---|---|
| Dugnader | 396 522,25 | 338 389,00 |
| Panteinntekter | 5 456,00 | |
| Gaver | 8 600,00 | 14 200,00 |
| Minnegave | 8 550,00 | 38 150,00 |
| Inntekter konsert | 18 100,00 | 20 550,00 |
| Kostnad konsert | - 3 216,00 | - 14 058,00 |
| Konfirmant cup | - 2 361,25 | - 6 033,50 |
| Coop kortet - bonus | 5 816,12 | 1 475,93 |
| Salg nytt og brukt | 353 177,50 | 398 271,00 |
| Leieinntekter stasjonsbygget | 4 000,00 | 10 050,00 |
| Leie/kostnader stasjonsbygget | - 38 364,00 | - 41 261,80 |
| Revisjon og lotteritilsynet | - 19 408,00 | - 23 876,00 |
| Bankgebyrer | - 6 918,19 | - 8 212,89 |
| Renteinntekter og kundeutbytte driftskonto | 331 836,25 | 392 089,64 |
| **Sum Stiftelsen** | **1 061 790,68** | **1 119 733,38** |
| **Sokneradet:** | | |
| Ofringer | 56 888,00 | 33 718,00 |
| Renter | 39 278,00 | 44 906,00 |
| Dugnad | | |
| Gaver | 91 250,00 | 145 600,00 |
| **Sum Sokneradet** | **187 416,00** | **224 224,00** |
| **Totalt fra aktiviteter og gaver** | **1 249 206,68** | **1 343 957,38** |
| **Utbetalt til formålet** | | **- 450 000,00** |
| **Netto** | | **893 957,38** |

| **Kapital** | **31.12.2024** | **31.12.2025** |
|---|---|---|
| Stiftelsen | 8 399 249,24 | 9 068 982,62 |
| Soknerådet | 1 299 608,25 | 1 523 832,25 |
| **Sum Kapital** | **9 698 857,49** | **10 592 814,87** |

## Årsmelding Kirkens SOS

**KIRKENS SOS ROGALAND** Kirkens SOS er landets største døgnåpne selvmordsforebyggende krisetjeneste på telefon og internett og omfatter 11 SOS-sentre rundt i landet og landssekretariatet i Oslo. Kirkens SOS Rogaland ble etablert i 1980. Vi har vaktrom i Hillevåg, Stavanger.

**FLERE FRIVILLIGE – FÆRRE VAKTER**
For første gang på flere år har vi en vekst i antall frivillige. På årets siste dag talte vi 84 aktive frivillige, tre flere enn for et år siden. Antall samtaler per vakt er høyt, og våre frivillige leverer flere samtaler i snitt per vakt enn gjennomsnittet nasjonalt. Det betyr at vi har høy gjennomføring og at flere aktive frivillige gir håp om flere besvarte samtaler i 2026.
**HVEM ER DE FRIVILLIGE** De frivillige er i alderen 21 til 80 år.  Vi har frivillige fra elleve kommuner i Rogaland og flest fra Stavanger (33) som står for 40 % av de frivillige. Deretter følger Sandnes (15) og Strand (5). De øvrige frivillige kommer fra nærliggende områder. Vi har få frivillige fra grensekommunene i fylket. Sammenlignet med folketall i fylket er vi noe overrepresentert i Stavanger.
**OPPFØLGING AV FRIVILLIGE** Vi arbeider aktivt med å ivareta de frivillige på en god måte med regelmessige fagsamlinger og veiledninger. I 2025 har vi gjennomført syv kvelder som vi kaller Fag & felleskap med totalt 60 deltagere. De består av «pizza og drøs» før vi arbeider med et faglig tema sammen. Vi har hatt to medarbeidersamlinger i Hillevåg kirke med middag og faglig utvikling. Totalt har nær 60 av våre frivillige deltatt på én av disse. Alle frivillige hadde minst én veiledningstime per semester, og vi har hatt individuelle medarbeidersamtaler med alle de frivillige i løpet av året.
**TEMA I SAMTALENE** Kirkens SOS sin tjeneste har en særlig vekt på selvmordsforebyggende samtaler og vårt mål er at alle som kontakter oss skal bli sett, støttet og styrket gjennom samtalen. Statistikken viser at psykiske helseproblemer er det hyppigste samtaleemnet på telefon. Andre store tema er ensomhet, relasjonsproblemer og behovet for det vi kaller hverdagsomsorg. På chat er det også psykiske helseutfordringer som går hyppigst igjen, tett fulgt av selvmordstanker og relasjonsutfordringer. Selvmord er tema i nesten 1 av 10 samtaler på telefon og i hver tredje samtale på chat. På telefon dominerer aldersgruppen 50-70 år, på chat er det overvekt i aldersgruppen 10-30 år
**FYSISK INNFØRINGSKURS** Alle frivillige må igjennom et grundig innføringskurs før de går inn i tjeneste, og i 2025 var det tilbud om 10 ulike tidspunkt for innføringskurs. Vi er  glade for at vi høsten 2025 fikk gjennomført fysisk kurs med 14 påmeldte deltagere. Halvparten er med videre som frivillige. Nytt kurs planlegges våren 2026.
**REKRUTTERING** Den viktigste rekrutteringsplattformen er den direkte menneskelige kontakten. Eksterne besøk og arrangement er derfor prioritert. En viktig rekrutteringskanal i dag er ulike digitale flater. Mye av kampanjene styres nasjonalt, men vi har også noe lokalt. Menighetsblad er en god synlighetsarena for annonser. Mange som blir frivillige hos oss sier «de har tenkte på det en stund». Langsiktig arbeid over tid med flere eksponeringsflater er derfor nødvendig.